



Til Møre og Romsdal fylke, v/ungdommens fylkesting.

FORSLAG TIL ÅRETS UNGDOMSKOMMUNE -09



MØRE OG ROMSDAL FYLKE - MR	
Årsakstype	UK 11
2 OKT 2009	
Ark.kode F	
Ark.kode S	
Avdeling	Saksbeh

Stordal ungdomsråd foreslår Stordal kommune, den minste kommunen i Møre og Romsdal, som Årets ungdomskommune 2009.

Stordal kommune vedtok i 2009 å verte Barnas kommune. Målsetjinga er å verte den beste kommunen å vekse opp i for barn og unge. Liten utkantkommune med berre eitt tusen innbyggjarar til trass, kommunen satsar for fullt og trur at livskvalitet og oppvekstvilkåra for born og unge ikkje handlar om geografi eller størst kommunebudsjett, men om fokus, gjennomføringsvilje og klare prioriteringar.

Vi som ungdomar kjenner at vi blir tekne på alvor, både i form av konkrete tiltak som t.d ungdomsklubb og helsestasjon for ungdom, ei rekkje gode sosiale møteplassar for ungdom, samt at det vert lagt til rette for deltaking og innflytelse gjennom ungdomsrådet.

Vi vil gjennom dette forslaget vise korleis og kvifor Stordal kommune er sterk kandidat til å vinne prisen.

Mangfald fritid og gratis tilbod

"Stordal har unike fritidsfasilitetar for ein liten kommune: mellom anna Fjellbakken hopp- og langrennstadion, alpinanlegget på Overøye, Kirkebø stadion og Stordalshallen. Alt maks 15 minutt unna Stordal sentrum. Det er eit svært godt samarbeid mellom frivillige, kommune og organisasjonar som gjer ein kjempeinnsats for å skape aktivitet – noko som ikkje minst kjem ungdomen til gode"

Vigdis Hove Øie, Stordal Idrettslag

Stordal kommune har som mål at økonomi ikkje skal hindre ungdom i å delta i aktivitetar. Difor tilbyr kommunen eit breitt spekter av utstyr, aktivitetar og anlegg, som er heilt gratis.

Storstova i Stordal er den flotte Stordalshallen. All trening og øving og bruk av utstyr er gratis, inkludert klatrevegg og skytebane.

All bruk av Kirkebø stadion (kunstgras og løpebane med tartandekke) er gratis.

All aktivitet og bruk av utstyr på Stordal Ungdomsklubb og Stordal Musikkverkstad (instrument, lydanlegg osv.) er gratis. Ei rekkje nærmiljøanlegg som t.d volleyballbaner er også gratis.

Stordal har eit svært aktivt vinteridrettsmiljø. Alpinanlegget Arena Overøye spanderer gratis bruk av anlegget til alle elevar og lærarar når Stordal skule har skidag.

Hoppgruppa tilbyr gratis utstyr til dei som vil prøve hoppporten.

Vinteridrettsanlegga innan alpint, hopp og langrenn er gode og sunne møteplassar for Stordalsungdomen, der det er rom for både breidde og topp-prestasjonar. KM-medaljar vert sankt kvar vinter, ja Noregsmeistarar vert det og av slikt – opptil fleire.

Stordal har ein svært aktiv kulturskule, der heile femti prosent av elevane i grunnskulen er elevar i kulturskulen.

Kulturskulen tilbyr alt frå instrumentopplæring av ulike slag, danseskule og kunsttilbod. For særskilde talent, samarbeider Stordal Kulturskule med orkester i Ålesund. Kulturskulen har t.d det siste året hatt ein fiolinelev som pendlar til Barrat Due Musikk institutt i Oslo, og er i Noregseliten på sitt instrument.

" No står ungane i kø for å vise kva dei kan - og dei kan utruleg mykje! Denne kulturen - som både skulen og t.d. barnekoret har bidratt til, meiner eg er gull verdt - og skaper ei voldsom stoltheit og gir god sjølvkjensle - både blant elevane sjølve, men ikkje minst i vaksnebepfolkninga."

Rektor ved Kulturskulen, Bjørnar Midtbust

Gjennom kulturmidlane fordeler kommunen 130 000 kroner i året til tiltak for born og unge. Det er mykje pengar for ein kommune med eitt tusen innbyggjarar. I tillegg kjem midlar direkte gjennom ungdomsrådet - samt einskildprosjekt.

Gjennom opptil fleire kulturstipend i året, viser kommunen at dei verdset aktiv og positiv ungdom som ønskjer å utvikle sitt talent.

Gode haldningar

Gjennom haldningsskapande arbeid, skriv alle elevar i ungdomsskulen under på røyk- og rusfrikontrakter med kommunen og sine foreldre. Elevane vert ved utgangen av 10.kl premiært med kr 2.000,- (delt mellom kommunen og foreldra) - dersom avtalen er gjennomført. Måloppnåinga er svært høg !

Skulen har ein eigen handlingsplan mot mobbing (ZERO-planen), noko som inneber nulltoleranse mot mobbing. Skulen scorar svært høgt på alle undersøkingar mellom elevar og foreldre. Samtidig er det faglege nivået svært høgt. Som eit godt eksempel kan nemnast at snittkarakteren ved muntleg eksamen i 10.kl i vår var 5,6 !

"Lærarane ved Stordal skule har gitt oss mykje kunnskap, gode haldningar, lært oss godt samhold og i tillegg skapt eit miljø for læring der det er tøft å arbeide hardt og få gode resultat."

Erika Holand Tøsse (16)

Medverknad i lokalsamfunnet

Ungdomsrådet i kommunen er talerør frå ungdomen til offentlege organ. 16.oktober 2008 vert ståande som ein merkedag, då nesten alle ungdom møtte opp og det første ungdomsrådet i Stordal kom på plass. Rådet er høyringsinstans i politiske saker i kommunen. Rådet har faste møter og drøftar aktuelle politiske saker, samt "upolitiske" saker som er aktuelle for aldersgruppa. Leiar og nestleiar i ungdomsrådet har forslags- og talerett i kommunestyret – noko vi trur er ganske unikt ! Ungdomsrådet har eige budsjett, men kan i tillegg søke midlar på ulike prosjekt.

Stordal ungdomsråd har sjølvstøtt eigen kontaktperson i administrasjonen. 2 av medlemene i rådet er medlemar i prosjektgruppa for "Barnas kommune"

"Ungdomsrådet er ungdomen sitt fyrste møte med demokratiet. Via ungdomsrådet får alle ungdomane i Stordal moglegheit til å ytre meiningane og ynskja sine. Ungdomsrådet har både økonomiske midlar og felles styrke til å setje i verk dei tiltaka det vert semje om."

Kristoffer Nitter Joranger (16)

Ungdomsklubben:

I 2004 fekk vi, ved hjelp av mange gode krefter, ein eigen stad å vere. Stordal ungdomsklubb er open for all ungdom frå ungdomsskulealder til og med 20 år. Det er aktivitetsekveldar 2 gonger i veka, og der er vaksenkontakter på plass til ei kvar tid. Folkehelsekoordinator arbeider tett på ungdomsklubben og er ein viktig medspelar. Klubben er i dag svært godt utstyrt med eit mangfald av tilbod. Ungdom har vore eit prioritert satsingsområde for God Helse arbeidet, og i samarbeid med folkehelsekoordinator har vi ungdomar fått vere med å skape og utvikle nye ungdomsarenaer – slik som Stordalstrøkk, Treffpunkt Stordalshallen og LAN – under mottoet "av ungdom og for ungdom"

Dugnad

Dugnadsinnsatsen er bærebjelken i vårt lokalsamfunn. Samspelet mellom born og ungdom og ansvarlege vaksne, gir trygge oppvekstvilkår, minskar generasjonskløfta og skapar samhold i nærmiljøet. Vi trur at nettopp dette inkluderer alle og hindrar unge å falle utanfor samfunnet. Det er svært stort oppmøte på friviljuge - og dugnadsbaserte aktivitetar, anten det er å stå vakt på skisenteret, grille pølser under Stordalscup, byggje kunstgrasbane, trene lilleputtlaget eller arrangere kulturkveldar. Som ungdom må vi tidleg lære oss desse verdiane. Mange av ungdomane våre ynskjer å busetje seg i Stordal etter utdanning, det tek vi som eit teikn på ein trygg og innhaldsrik oppvekst. "Vi har mange gode trenarar som kan mykje om sin idrett, som gjer at mange unge blir gode og at mange held på" Joakim Helgesen (13)

Det gode og kreative samarbeidet mellom offentlege tenester og frivillige organisasjonar gjer at Stordal kommune, etter vårt syn, er blitt den beste ungdomskommunen i landet.

"Vi er ei lita ungdomsgruppe, men vi blir satsa på. Dette fører til eit inkluderande miljø, aktive og sunne ungdomar som utnyttar dei mulighetene som her vert skapt."

Ida Moltu Staurset (18)

Stordal, 29. september 2009

Med venleg helsing

Stordal ungdomsråd

Ida Moltu Staurset

Erika Holand Tøsse

Kristoffer Andre Juvang

Magnus Nygård

Magnus Nygård

Eline Vinje

Eline Vinje

Joakim H. Helgesen